

# Uttale frå KS fylkesordførar-/rådslederkollegium til NOU 2023:23

01.12.2023

## Hovudbodskap:

1. Fylkesordførarkollegiet rår i frå å redusere kommunane si myndigheit i kommunal planlegging. Sjølvstyreprinsippet må vega tungt.
2. Fylkesordførarkollegiet vil sterkt rå i frå at tildeling av akvakulturløyve vert overført til statleg nivå.
3. Fylkesordførarkollegiet meiner at undervisningsløyve bør oppretthaldast for å sikre tilstrekkeleg kvalitet på undervisningsopplegg innan akvakulturfaget

## Bakgrunn

Utgreiinga inneheld ei rekke forslag som, dersom dei blir vedtekne, vil få konsekvensar for rolla til fylkeskommunen som akvakulturmyndigheit og regional planmyndigheit. I utgreiinga blir det føreslått at staten tek over ansvaret fylkeskommunen har i dag som tildelingsmyndigheit for akvakulturløyve. I tillegg kan forslaga få store konsekvensar for høvet kommunane har til å bestemme over eige sjøareal gjennom utarbeiding av kystsoneplanar i medhald av plan- og bygningslova, ettersom det m.a. blir foreslått at staten overtek ansvaret for dette. Visar og til Hurdalsplattforma der det står: *«Det lokale demokratiet må utvikles gjennom desentralisering av oppgaver til kommuner og fylkeskommuner. Regjeringen vil vurdere å overføre statsforvalternes oppgaver som ikke omhandler tilsyn, kontroll eller klage, til fylkeskommunene. Jordvern skal være unntatt.»*

Fylkesordførarkollegiet vil spesielt kommentere to av forslaga frå Havbruksutvalet.

### Arealplanlegging og forvaltning

Fylkeskommunen er tildelt ansvaret for tildeling av lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskrifta), samt tildeling av løyver til oppdrett eller havbeite av andre artar i sjø som marine fiskeartar, makroalgar, skaldyr og skjell. Samtidig er plan- og bygningsloven sentral for all arealforvaltning og byggeverksemd i Norge. Plan- og bygningsloven gjeld for alt areal og i sjøen til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, og denne er viktig for kystnær sjøarealplanlegging og akvakultur. Utvalet kjem med fleire forslag som blir vurdert til å forbetre den heilskaplege arealplanlegginga og styrke lokalitetsstrukturar med tanke på smitteførebygging, som tematiske planar for akvakultur i kystsona. *Vi er derimot skeptisk til forslaget om å overføre myndigheit frå kommunane, spesielt vedtaksmyndigheita, då dette kan redusere lokaldemokratiet og auke motstanden mot akvakultur.* Tilgang til passende areal er blitt ein avgrensande faktor for veksten til næringa, samtidig som motstanden mot akvakultur mange stader aukar.

- Vår vurdering er at for mykje statleg «overstyring» kan skade omdømmet til næringa og at lokaldemokrati er viktig for aksepten av akvakultur. Kommunane bør derfor behalde

den lokale planmyndigheita, men statlege og regionale myndigheiter bør støtte med kunnskap og økonomiske ressursar.

- Vår vurdering er at revisjon av kystsoneplanar skal vere basert på lokale behov og ikkje statleg fastsette tidsintervall. Bruk av statlege planretningslinjer og meir rettleiing i planprosessar blir derimot vurdert som positivt.
- Vi etterlyser også ei tydelegare rolle for staten og regionale myndigheiter i planprosessar. Vi ser det som mest formålstenleg at fylkeskommunen kan behalde innsigelsesmyndigheita, og at det blir gitt ei tydeleg formell rolle for å ivareta akvakulturinteressene i planprosessane.

Fylkeskordførarkollegiet rår i frå å redusere kommunane si myndigheit i kommunal planlegging. Sjølvstyreprinsippet må vega tungt.

### Organisering av akvakulturforvaltninga

Bakgrunnen for at det blei sett ned eit havbruksutval var at regjeringa meinte løyvesystemet for havbruk over tid hadde blitt for komplekst, og at dei såg behov for forenklingar. Forvaltningsoppgåvene som fylkeskommunane i dag har etter akvakulturlova, blei overførte frå Fiskeridirektoratet i samband med forvaltningsreforma i 2010. Ei viktig grunngeving for denne overføringa var at det var viktig å skilje rolla som tilsyns- og kontrollmyndigheit frå rolla som tildelingsmyndigheit med tildeling av akvakulturløyve.

Ifølge St.prp. 68 (2008-2009) var ein av målsettingane med forvaltningsreforma å desentralisere makt og myndigheit. Ved å legge ytterlegare ansvar for utviklingsprega regionale verkemiddel og oppgåver til fylkeskommunane, som allereie hadde ansvar for regional utvikling, blei moglegheitene betre for heilskaplege prioriteringar og samordning mellom forskjellige sektorar. Det blei lagt fram at «Fylkeskommunene vil få flere virkemidler og flere muligheter til å inneha rollen som en sterkere regional utviklingsaktør». Vidare: «Med kommunen og fylkeskommunen som ramme gis innbyggerne nærhet til der beslutninger tas og dermed mulighet til å påvirke lokale prioriteringer, utforming av tjenester og lokal samfunnsutvikling. Derfor er det også viktig at makt og myndighet i størst mulig grad legges til det lokale og regionale styringsnivået.»

Havbruksutvalet foreslår no at staten overtek det meste av ansvar og myndigheit når det gjeld akvakultur, både til å bestemme bruken av kommunalt sjøareal og tildeling av akvakulturløyve. Utvalet legg til grunn at dette vil føre til at samordninga i akvakulturforvaltninga vil bli betre.

- Vi vil i denne samanhengen gjere merksam på at rolla som fylkeskommunen har hatt som koordinerande myndigheit aldri har blitt evaluert, og etter vår vurdering undervurderer Havbruksutvalet kompetansen som ligg hos fylkeskommunane.
- Fylkeskommunane sit med både mange års erfaring og kompetanse knytt til behandling av akvakultursøknader, i tillegg til svært god kjennskap til akvakulturnæringa og ulike lokale og regionale forhold. God kjennskap til lokale og regionale forhold er etter vår meining ein føresetnad for god saksbehandling av lokalitetsklaringsøknadar.

Fylkesordførarkollegiet vil sterkt rå i frå at tildeling av akvakulturløyve vert overført til statleg nivå.

### Undervisningsløyve

Utvalet føreslår å avvika løyver til mellom anna undervisning. Dette vil kunne ha store negative konsekvensar for dei fylkeskommunane som tilbyr undervisning i akvakultur. Undervisningsløyve som fylkeskommunane har fått tildelt har vore viktig for å bygga opp eit godt utdanningstilbod. Fylkeskommunane fryktar at bortfall av undervisningsløyve vil svekka skulane sitt undervisningsopplegg innan akvakulturfaget.

Fylkesordførarkollegiet meiner at undervisningsløyve bør opprettehaldast for å sikre tilstrekkeleg kvalitet på undervisningsopplegg innan akvakulturfaget

Med venleg helsing

Hans-Jacob Bønå  
fylkesordfører, Finnmark

Kristina Torbergesen  
fylkesordfører, Troms

Svein Eggesvik  
fylkesrådsleder, Nordland

Tomas Iver Hallem  
fylkesordfører, Trøndelag

Thomas Breen  
fylkesordfører, Innlandet

Anette Solli  
fylkesrådsleder, Akershus

Eirik Lae Solberg  
byrådsleder, Oslo

Tore Opdal Hansen  
fylkesordfører, Buskerud

Anne Strømøy  
fylkesordfører, Vestfold

Sven Tore Løkslid  
fylkesordfører, Telemark

Arne Thomassen  
fylkesordfører, Agder

Ole Ueland  
fylkesordfører, Rogaland

Jon Askeland  
fylkesordfører, Vestland

Anders Riise  
fylkesordfører, Møre og Romsdal